



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato:

20.12.2023

Vår ref:

2021/17640

Dykkar dato:

03.11.2023

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 23352335

Endra løyve -anleggsarbeider i sjø for å etablere Bømlo fiskerihamn

Statsforvaltaren endrar Vestland fylkeskommune sitt løyve til anleggsarbeider i sjø. Endringa inneber undervassprenging av ca. 8 100 fm³ for å sikre nødvendig seglingsdjupne for hamna.

Sprenginga skal skje når det ikkje er fisk i ventemerdene til Hardanger Seafood AS og i samsvar med dei øvrige vilkåra for utføring av anleggsarbeida.

Løyve er endra med heimel i forureiningslova § 18.

Vi viser til søknad frå Norconsult på vegne av Vestland Fylkeskommune datert 3. november 2023.


Om sak

Vestland fylkeskommune har arbeidd med å etablere Bømlo fiskerihavn i samsvar med godkjend reguleringsplan¹.

Arbeida i sjø har vore regulert av løyve etter forureiningslova frå 30. mars 2022, sist endra 23. november 2022. Utfyllingsarbeida byrja i mai 2022, og mudringsarbeid byrja i januar 2023.

Det er dukka opp behov for undervassprenging, noko det ikkje er søkt om tidlegare. Det blir søkt om undervassprenging av ca. 8 100 fm³ (ca. 10 500 am³) over ca. 3 600 m² sjøbotn (jf. Figur 1). Arbeida er estimert å vare i fire veker. Sprengsteinsmassane frå undervassprenginga skal nyttast lokalt på Langevåg. Tiltaket er naudsynt for å sikre nok djupne for fiskebåtane som skal bruka Bømlo Fiskerihamn.

¹ Reguleringsplan for Bømlo fiskerihamn. Hovlandshagen, 53/ 53 m. fl. Planid: 201307



Figur 1 Oversikt over utdjupningsområdet. Grønt område er fjell som må sprengast

Norconsult har i søknad datert 3. november 2023 vurdert korleis arbeida skal utførast for risiko for at lydtrykk frå sprengning ikkje vil gje negativ påverknad ved dei fire² oppdrettslokalitetane som ligg i ein radius på opp mot 3,4 km frå anleggsstaden. Det er søkt om å nytta desse avbøtande tiltaka:

- Undervasssprenging skal berre utførast når det ikkje er fisk i ventemerdane til Hardanger Seafood AS.
- Reaksjonane til oppdrettsfisken i andre anlegg skal overvakast med undervasskamera, særleg ved Hattasteinen matfiskanlegg.
- Autorisert fiskehelsepersonell skal vurdere fisken før, under og etter sprengingane på lokaliteten Hattasteinen.
- Boblegardin skal nyttast ved sprengingsstaden for å dempe undervassstøy.
- Undervassstøy skal målast ved hjelp av hydrofon på lokaliteten Hattasteinen før sprengingsarbeidet startar. Resultata frå målingane, saman med observasjonar av fisken, vil bli brukt til å vurdere behovet for andre tiltak, som til dømes å redusere ladningsstorleiken.

Sprengingsarbeidet er planlagt før hekkeperioden for sjøfugl startar. Partikkelspreiing frå sprengings- og mudrearbeidet skal også overvakast med turbiditetsmålarar, i tråd med dagens overvakingsplan. Entreprenøren ynskjer å vurdere eventuelle andre tiltak løpende under sprengingsarbeidet om oppdrettarane finn det nødvendig med omsyn til fiskehelsa.

² Oppdrettslokalitetane 16497 Langevågen, 11511 Hattasteinen, 11513 Andal og 10300 Hillersvik.



Figur 2 Oversikt over akvakulturanlegg i nærleiken av Langevåg (Fiskeridirektoratet, 2023). Tiltaksområdet er illustrert med raud stjerne.

Høyring

Søknaden blei sendt til offentlege etatar og har lagt ute til offentleg høyring på Statsforvaltaren i Vestland sine heimesider i perioden 10. november til 11. desember 2023.

Vi mottok tre uttaler:

Bergens Sjøfartsmuseum (14. november 2023)

Museet har ikkje merknader til arealinngrepene men gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegrane i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Bømlo kommune (7. desember 2023)

Kommunen tilrår at vi gjev løyve til tiltaket med dei føreslegne avbøtande tiltaka som vilkår i løyvet. Kommunens vurderer at tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Fiskeridirektoratet (20. november 2023)

Fiskeridirektoratet skriv at ideelt sett bør større og spesielt støyande og inngripande arbeid i sjøen utførast om hausten/vinteren når livet i sjøen er mest roleg. Likevel finn direktoratet at tiltak for å redusere undervassstøy, slik dei er skissert i søknaden frå Norconsult, er tilfredsstillande.

Direktoratet skriv vidare (sitat): "I tråd med søknaden ønskjer entreprenøren at eventuelle andre tiltak vert vurderte kontinuerleg under sprengingsarbeidet, dersom oppdrettarane anser det som naudsynt med omsyn til fiskehelsa. Det er registrert korall-, kamskjell- og skjellsandførekomstar ved Langevåg, og vi ser det som særleg viktig å verne det marine miljøet mot unødig forureining frå arbeida som vert utførte."




Difor etterspør vi ei oversikt over kva tiltak som kan setjast i verk og ein plan for gjennomføring av tiltak dersom situasjonar med auka turbiditet oppstår, og den påfølgjande faren for spreiing av partiklar og grumset sjøvatn."

Prosjektet kommenterer direktoratets spørsmål i epost datert 18. desember 2023 (sitat):

"Vi vil påpeke at arbeidene i sjø knyttet til Langevåg Fiskerihavn har pågått siden april 2022, og som nevnt i søknaden pågår det kontinuerlig overvåking av partikkelspredning fra anleggssarbeidet. I forbindelse med krav om overvåkingsplan for partikkelspredning mot ventemerdene til Hardanger Seafood, ble det utført en kartlegging av partikkelspredning i sjø fra utfyllingsarbeidene. Målingene gav en indikasjon på hvilken retning og dyp partiklene fra utfyllingsarbeidene ville spres i retning ventemerdene, og turbiditetsmålerne ble plassert deretter. Overvåkingsplanen³ som er utarbeidet med utgangspunkt i NS 9433, gjelder også for partikkelspredning fra sprengnings- og mudrearbeidet som det nå er søkt om å gjennomføre. Det antas at dagens plassering av T1 (se figur 2) også vil fange opp partikkelspredning fra dette arbeidet.

Dersom det oppstår situasjoner med forhøyet turbiditet utover grenseverdier i overvåkingsplan, vil entreprenør i samråd med Norconsult, vurdere aktuelle avbøtende tiltak. Dette kan eksempelvis være å redusere ladningstørrelse, og vurdere behov for tidsbegrenset mudring ift. tidevannet. Det er flere faktorer som vil legge føringer for fremdriften i arbeidene, som bl.a. koordinering med Hardanger Seafood, men det er ønskelig å få gjennomført sprengningsarbeidene før gyteperioden for torsk starter, samt før hekkeperioden for sjøfugl."



Figur 3 I figuren viser omrentlig plassering av turbiditetsmålere, T1 og T2.

Grunngjeving for endring av løyvet

Rettsleg grunnlag

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i forureiningslova § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11 i lova.

³ Overvåkingsplan for turbiditet - Langevåg, Bømlo. Norconsult 7. oktober 2022



Mudring av sjøbotnmassar utførd frå skip/lekter, krev alltid løyve, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Undervassprenging er definert som mudring. Statsforvaltaren er forureiningsstyremakt for slike saker.

Når vi avgjer om løyve skal gjevast og fastset nødvendige avbøtande tiltak (vilkår), skal det leggjast vekt på ulemper som følgje av forureining ved tiltaket samanlikna med dei fordeler og ulemper som tiltaket vil medføra. Prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Løyve som kan ha innverknad på sjø og ferskvatn skal også vurderast etter vassforskrifta.

Avgrensing mot plan- og bygningsloven

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningsloven. Bømlo kommune stadfestar i sin uttale at tiltaket er i samsvar med gjeldande⁴ reguleringsplan.

Vurdering av føreslårte avbøtande tiltak

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftas § 36-2 sine krav til innhald i søknader om tillatelse etter forureiningslova.

Undervassprenging utgjer risiko for skader og stressreaksjonar på fiskeinteressar i nærleiken av tiltaksområdet. I denne saka er det potensiell negativ påverknad på ventemerdene til Hardanger Seafood AS (lokalisitet 16497 Langevågen) som utgjer størst risiko. Løysninga er å utføre sprengingane når det ikkje er fisk i ventemerdene.

Dei tre andre oppdrettsanlegga i fjorden ligg frå 1,5 km til 3,4 km unna sprengingsstaden. Norconsult har konservativt (worst case) berekna i kva avstand frå sprengingsstaden ein kan forvente lydtrykksnivå frå dei planlagde sprengingane som kan ha negativ påverknad på fisk i oppdrettsmerder, og kome fram til 0,9 km. For å verifisere berekingane skal oppdrettsfiskens reaksjonar på dei første sprengingane overvakast med undervasskamera i den nærmeste oppdrettslokaliteten (11511 Hattasteinen) samt at autorisert fiskehelsepersonell skal vurdere fisken før, under og etter sprengingane. Bruk av boblegardin og måling av støy ved bruk av hydrofon ved lokalitet Hattasteinen, vil saman med observasjonar at fisken nyttast til evt. andre avbøtande tiltak som for eksempel reduksjon av ladningsstørrelse.

Statsforvaltaren meiner at faren for sprenging av forureining og negativ påverknad er akseptabel med dei avbøtande tiltaka som er foreslått og grunngjeve i søknad datert 3. oktober 2023. Vi legg også til grunn at Bømlo kommune og Fiskeridirektoratet er samd med denne konklusjonen. Vi har difor teke med dei avbøtande tiltaka i våre vilkår, utan endring.

Lokal bruk av sprengstein skal være godkjend av Bømlo kommune etter plan- og bygningslova. Statsforvaltaren ber om at vi blir orientert om vald løysning.

Vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Statsforvaltaren si vurdering av saka etter naturmangfaldlova og vassforskrifta i det opprinnelige løyvet gjeve 2022 er gjeldande for dette endra løyvet og vi viser til vårt vedtak 30. mars 2022.

⁴ Reguleringsplan for Bømlo fiskerihamn, Hovlandshagen gnr. 53, bnr. 53 m.fl. PlanID 201307



Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket er vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivaretakket ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureining.

Vedtak

Statsforvaltaren endrar Vestland fylkeskommune sitt løyve etter forureiningslova for gjennomføring av undervassprenging - Bømlo fiskerihamn.

Vilkår 4.7 i løyvet gjer vilkår for utføring av sprenginga, slik det er beskriven i søknad datert 3. november 2023.

Løyvet er endra med heimel i forureiningslova § 18. Løyvet med tilhøyrande vilkår er vedlagt.

Gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar sakshandsamingsgebyr for arbeid med utsleppsløyve. På bakgrunn av ressursbruk vil Vestland fylkeskommune bli pålagt eit gebyr på 37 400 kroner for endringa av løyvet, jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Dette svarar til gebrysats 6. Faktura blir send frå Miljødirektoratet. Vi viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet av sakens partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå vedtaket er motteken, jf. forvaltningslova § 28. Eventuell klage skal angje kva det vert klaga på og den eller dei endringane som er ønskt. Vedtak om gebrysats kan og påklagast. Eventuelle andre opplysningar av betydning for saken bør nemnes. Klagen skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Sondre Kaastad Sørsdal
rådgjevar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyvets vilkår - Bømlo fiskerihamn

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
BØMLO KOMMUNE	Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES
Lokalitet Langevåg			
Norconsult			
Museum Vest			
Lokalitet Hattasteinen			
Lokalitet Andal			
Lokalitet Hillersvik			



Endra løyve til anleggsarbeid i sjø for etablering av Bømlo fiskerihamn for Vestland fylkeskommune

Statsforvaltaren endrar Vestland fylkeskommune sitt løyve gjeve 30. mars 2022, sist endra 23. november 2022, etter søknad datert 3. november 2023. Heimel for endringa er gjeve i forureiningslova § 18. Det opprinnlege løyvet ble gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 13. desember 2022 og ytterlegare opplysningar oversendt 20. januar 2022. Løyvet gjeld frå dags dato. [Endringane er markert med blå skrift](#).

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende beskjed til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Statsforvaltarens referanse

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer
2022.0257.T	4613.0125.01 Mudrelokalitet
	4613.0126.01 Utfyllingslokalitet

Bedriftsdata

Bedrift	Vestland fylkeskommune
Postadresse	Postboks 7900, 5020 Bergen
Kommune og fylke	Bergen, Vestland
Org.nummer	821 311 632

Løyve gjeven: 30. mars 2022	Løyvet sist endra: 20. desember 2023
Sondre Kaastad Sørsdal rådgjevar	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift</i>	

Endringslogg


Endringsnummer	Endringar av	Vilkår	Beskrivelse
1	23. november 2022	4.5	Plassering av muddermassar på sjøbotnen
2	20. desember 2023	Nytt vilkår 4.7	Utføring av undervassprenging

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet omfattar:

- Mudring av eit sjøbotnareal på ca. 14 500 fm³. Hensikta med mudringa er auka seglingsdjupne, frå dagens ca. kote minus 4 til minus 6,8 meter. Mudringa vil gje ca. 14 500 fm³ / 21 750 tonn massar.
- Undervassprenging av ca. ca. 8 100 fm³ (ca. 10 500 am³) over ca. 3 600 m² sjøbotn
- Det skal etablerast ein ca. 460 meter lang molo ut til Stora Bleikja over eit sjøbotn areal på ca. 42 500 m². Stein til moloen skal hentast frå masseuttak innanfor planområdet og mengda molosten er berekna til 940 000 am³ og 1 316 000 tonn.
- Plassering av muddermassar i sjø innanfor reguleringsplanens grenser.



Figur 1. Utklipp fra situasjonskart over hele tiltaksområdet. Det omsøkte dumpeområdet er illustrert som oransje

Formålet med tiltaket er å etablere Børmlø fiskerihamn i samsvar med reguleringsplan for Fiskerihamn Hovlandshagen 53/53 m.fl. PlanID: 201307.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet, minimum ei veke før oppstart. Det kan varslast med en e-post til fmvlpost@statsforvalteren.no.

2. Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følge av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Ansvar

Verksemda er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Verksemda pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Verksemda pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.5 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.6 Kulturminne i sjø

Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.7 Saksbehandling etter anna lovverk

Dette løyvet fritek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, for eksempel hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid transporterer og dumper eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsysteem i tråd med vilkår 3.1.

3.2 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemda skal også, så snart som mogeleg, varsle Statsforvaltaren i slike tilfelle på fmvlpost@Statsforvaltaren.no

4. Vilkår for utføring, kontroll og overvaking av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på en slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn og frå utfyllingsmassar i minst mogleg grad blir spreidd. Dersom det oppstår unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Statsforvaltaren.

4.2 Avklaring med akvakulturanlegg Langevågen

Utfylling i sjø kan påverke akvakulturanlegget Langevågen (lokalitetsnummer 16497) eigd av Hardanger Seafood AS. Tiltakshavar må etablere samarbeid med eigarane av oppdrettsanlegget i planlegging av turbiditetsmålingar og anna overvaking samt etablere varslingsrutiner for arbeida. **Undervassprenging kan ikkje utførast når det er fisk i ventemerdene i Langevågen.**

Skulle det oppstå situasjonar der oppdrettsselskapet meiner anleggsarbeida kan få uheldige konsekvensar så skal desse sakene bringes inn til Statsforvaltaren for avgjerd.

4.3 Utfylling i sjø for etablering av molo

Det skal nyttast mest mogeleg reine steinmassar til utfylling for molo. Innhold av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det skal lagast ei rutine for å reinske opp eventuelle forureiningar som kan følgje med steinmassane (skytestreng av plast mm).

Utfylling av utsprengt Stein skal utførast så skånsamt som mogeleg for å redusere partikkelspreiing. Tiltaka skal gjennomførast innafor det arealet som godkjend i reguleringsplan og andre løyver etter plan- og bygningslova.

4.4 Mudring i sjø for auka seglingsdjupne

Opp tak, transport og anna handtering av mudringsmassar skal utførast med teknologi/utstyr som samla gjer minst miljøbelastning i form av spreiing av finpartiklar.

4.5 Handtering av mudra massar

Statsforvaltaren gjev løyve til å plassere 20 000 tonn reine sjøbotnmassar som skal mudrast på sjøbotn over eit areal på 7 300 m² innanfor reguleringsplanen for Bømlo fiskerihamn, som beskriven i søknad frå Norconsult datert 3. november 2022. Plassering av muddermassane er vist i figur 1.

Lokal bruk av sprengstein frå undervassprenging skal være godkjend av Bømlo kommune etter plan- og bygningslova. Statsforvaltaren ber om at vi blir orientert om vald løysning.

4.6 Turbiditetsmålingar, alarmgrenser, stans i arbeidet

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard¹ NS 9433:2017 .

I anleggsperioden skal det målast turbiditet ved fleire målestasjonar. Minst ein stasjon skal være representativ for vasskvaliteten ved slaktemerdene til Hardanger Fiskeforedling AS.

Målestasjonar skal plasserast slik at dei kan nyttast for å overvake turbiditet med alarmgrenser og rutinar for stans i arbeida før finpartiklar i konsentrasjonar over alarmgrensene når slaktemerdene til Hardanger Fiskeforedling AS.

Konsentrasjon av partiklar, angjeve som turbiditet frå tiltaket, skal haldast på bakgrunnsnivå pluss 10 FNU og lågare ved slaktemerdene til Hardanger Fiskeforedling AS.

Det må dokumenterast ein referanseverdi/bakgrunnsnivå for turbiditet, enten fastsett på førehand ved målingar eller med ein referansestasjon der det vert teke målingar ved faste intervall under anleggsperioden.

Tid mellom kvar avlesing skal ikkje vere over 10 minutt. Om alarmgrensene vert overskride utover ei periode på 30 minutt skal arbeida stansast, årsaksforholda avklarast og nødvendige avbøtande tiltak gjennomførast. Dersom overskridinga skjer på grunn av arbeida, kan arbeida ikkje starte opp att før turbiditeten er nede på stabile nivå under alarmgrensene, jf. NS 9433:2017 pkt. 7.2.

Handtering av alarmer skal innarbeidast slik at alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen kjenner alarmgrensene og kva aksjoner som skal utførast ved overskriding, jf. vilkår 3.1 om

¹ Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster. Norsk Standard NS 9433:2017

internkontroll.

Kunnskap og informasjon tileigna i prosjektet skal brukast for justering av måleprogrammet. Dersom observasjonar og målingar viser at ein måler ikkje er plassert på eigna stad eller djupne, skal målaren flyttast.

Detaljert metode for referanseverdi, alarmgrenser, plassering av stasjonar og prosedyre for jamleg vedlikehald og reingjering av sensorane skal beskrivast i kontroll og overvakingsplan, jf. vilkår 6.1.

4.7 Undervassprenging

Undervassprenging skal utførast som beskriven i Norconsult rapport² datert 3. november 2023. Dei viktigaste avbøtande tiltaka er sitert nedanfor:

- Undervassprenging skal berre utførast når det ikkje er fisk i ventemerdane til Hardanger Seafood AS.
- Reaksjonane til oppdrettsfisken i andre anlegg skal overvakast med undervasskamera, særleg ved Hattasteinen matfiskanlegg.
- Autorisert fiskehelsepersonell skal vurdere fisken før, under og etter sprengingane på lokaliteten Hattasteinen.
- Boblegardin skal nyttast ved sprengingsstaden for å dempe undervassstøy.
- Undervassstøy skal målast ved hjelp av hydrofon på lokaliteten Hattasteinen før sprengingsarbeidet startar. Resultata frå målingane, saman med observasjonar av fisken, vil bli brukt til å vurdere behovet for andre tiltak, som til dømes å redusere ladningsstorleiken

5. Avfall

5.1 Generelt

Verksemda plikter, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følge av tiltaket. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

5.2 Oppsamling av avfall i sjø

Plastavfall m.m. skal samlast opp jamleg. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvakingsplanen. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast.

6. Plan for overvaking og kontroll, sluttrapport og tilsyn

6.1 Plan for overvaking og kontroll

² Søknad om endring av tillatelse til utfylling og mudring - Langevåg, Bømlo.

Det skal utførast kontroll og overvaking av tiltaka i sjø etter utarbeida kontroll- og overvåkingsplan³.

6.2 Sluttrapport

Vestland fylkeskommune skal sende rapport til Statsforvaltaren innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om kor store mengder masse som har blitt mudra og fylt ut (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart sett i verk
- Dokumentasjon på levering av avfall

6.3 Tilsyn

Tiltakseigar plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.

³ Overvåkingsplan for turbiditet - Langevåg, Bømlo. Norconsult 7. oktober 2022